



Hans Albrethson og Harald Sunde med eit av dei 21 motiva på OSKA

Hans Albrethson (76 år) stiller ut glasbilete på OSKA. Motiva er henta frå naturen med dyr og blomar. Noko er berre fantasi og draumar. Motiva eignar seg godt på dei noko grove veggene i restauranten. Bileta er montert i heile lokale, frå du kjem inn i den ytterste gangen, via garderoben og bufeplassen til innerst i selskapslokale.

Ustillinga vart opna i dag og Roy Lervåg helsa kunstnaren velkomen til Uskedalen. Utstillingstida er to månader. Ny fotoutstilling er på plass i november og desember.



[Gåve til Roy Lervåg med takk for velvilje med utstillinga](#)

Hans Albrethson fortalde om hobbyen sin. Det heile tok til tidleg på 1970 talet. Etter ein tur til Røst og fiskarheimen der, fekk han inspirasjonen til å jobba med glas, stein og fiskebein. Seinare har det vorte mange bilete heime og ute.

Mange kjenner Hans Albrethson som inspektør og lærar på Rosendal ungdomsskule. Før det var han lærar både i Uskedalen og på Bringedalsbygda skule. På alle desse skulane heng til store glasbilete laga av Albrethson saman med elevane den gongen. Særleg minnest han klassen der Tor Eik var elev. Med glas frå gartnar Bjørn Myklebust skar dei til og fekk fram mange flotte motiv.



Motiva gjer seg godt på dei kvite murveggene.

Ei tid kjøpte han flytande emalje i ulike fargar frå Tyskland. I strimer fekk han fram mange vakre bilete. Seinare samla han farga flasker, knuste dei med morter og let bitane gå gjennom eit silesett,- noko han fekk låna frå Sunnhordland kraftlag.

Etter det brukte han glas frå Nille, kunstig glas som vart brukt i botnen på blomerkrukker. Her må ein bruka fantasien og prosessen er viktig i alt Albrethosn gjer.

Vi seier: Ta turen til OSKA og sjå ein noko uvanleg utstilling. Dei 21 motiva er for sal. Prisen er ikkje vond, frå kr. 1000,- til kr. 2500,-

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal